

Dommersnes AS

► Videre vurdering av overvann og myr - Dommersnes industriområde

Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr.: RIVA-02 Versjon: J01 Dato: 2025-09-22



Oppdragsgjevar: Dommersnes AS
Oppdragsgjevares kontaktperson: Jørgen Jorde
Rådgjevar Norconsult Norge AS, Torggata 10, NO-5525 Haugesund
Oppdragsleiar: Peter Sonnenberg
Fagansvarleg: Pål Martin Eid (naturmangfold/myr) og Anne T. G. Tornes Våge (hydrologi)
Andre nøkkelpersonar: Anne Tove Græsdal Tornes Våge, Linn Marie Foldnes Lunde

J01	2025-09-22	For bruk	ANVAAG/PAAEI D	LINNLU	PSO
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Samandrag

Denne rapporten gjer ei detaljert vurdering av vassmengda inn til **Såtemyra** og korleis planlagt utbygging av ein ny fylkesveg vil påverke området. Vurderinga er basert på simuleringar av overvatn og synfaringar gjort av naturforvaltarar.

Dei viktigaste funna og konklusjonane er:

- **Påverknad på Såtemyra:** Simuleringane viser at den nye fylkesvegen vil leie overvatn til Såtemyra, men avrenningsmønsteret blir endra. Medan den nordvestlege delen av myra vil få meir vatn, vil den sørlege delen, som i dag får tilsig frå sør, få mindre vassforsyning. Dette kan ha store negative konsekvensar for vassbalansen og økosystemet i myra.
- **Ukartlagt myr blir fjerna:** Under synfaringa vart det oppdaga ei myr på 10 dekar aust for høgda Såta. Denne myra, som ikkje er synleg på eksisterande kart, fungerer som ein viktig vassbuffer for Såtemyra. I tråd med planforslaget og gjeldande reguleringsplan vil denne myra bli fjerna, noko som vil redusere nedbørsfeltet til Såtemyra.
- **Tap av nedbørsfelt:** Den planlagde utbygginga vil føre til eit tap på om lag 55 dekar av nedbørsfeltet til Såtemyra som ligg vest for den nye fylkesvegen. Dette tapet blir ikkje tilstrekkeleg kompensert av eit areal aust for vegen som no vil drenere til myra.
- **Viktigaste tilrådingar:** For å redusere negativ påverknad på naturen vert det tilrådd å flytte skjæringskanten slik at nedbørsfeltet til Såtemyra blir halde intakt. Den ny oppdaga myr blir tangert av ny fylkesveg sin fyllingsfot. Dette kan handterast i samband med prosjektering av vegen med løying av murar som reduserer skråninga og som ikkje vil endra tilsiget utover det som er sagt over.
- **Moglege avbøtande tiltak:** Restaureringspotensialet for myr og våtmark i nærleiken av prosjektområdet er vurdert som lågt, og tiltak for naturrestaurering må derfor skje i elvar og bekkar, spesielt Stemmevatnbekken, for å betre tilhøva for fisk. I tillegg skal faunavennlege kulvertar og stikkrenner prioriterast.

Innhold

1	Avgrensing	5
2	Innleiing	5
3	Planskildring	5
	3.1.1 <i>Fase 3 – Full utbygging</i>	9
4	Simulering av overvatn	11
	4.1 Parameter og simulering	11
	4.2 Resultat	12
	4.3 Vurdering	14
5	Synfaring	14
6	Naturmangfald og omsyn til Såtemyr	15
7	Naturrestaurering og kompensasjonsmoglegheiter	19
	7.1 Myr og våtmark	19
	7.2 Elv og bekk	20
	7.3 Øvrige omsyn og tilpassingar til naturmangfald	20
8	Referansar	21

1 Avgrensning

For overvass-simulering er det kun primært sett på tilførsel til myr. Det er ikkje vurdert i forbindelse med flaum eller sett nærmere på kapasitet på nedstrømskulverter. For naturmangfold ble Såtemyr og ander myrområdet i planområdet vurdert, samt moglegheitene for naturrestaurering i det umiddelbare nærområdet. Førekost av fremmede arter ble ikkje kartlagt.

2 Innleiing

Etter tilbakemelding frå Statsforvaltar har det blitt utgjort ein meir detaljert vurdering av vassmengd inn til Såtemyra og kva for ein påverknad som kjem frå utbygging av ei ny fylkesveg.

Det har blitt utført simuleringar med dagens situasjon og framtidig situasjon for å undersøke om ein kan sikra at ein får leia overvann til myra. Det er i tillegg til simuleringane utført synfaringar av naturforvaltar med spesialisering innan myr, for å undersøke tilstanden til myra og vurdere potensialet for naturrestaurering i området.


3 Planskildring

Planområdet ligg på Dommersnes ved Ålfjorden, ca. 2 km sør for Vikebygd i Vindafjord kommune. Planområdet dekker dagens industriområde som er regulert i gjeldande reguleringsplan. Planområdet er i tillegg utvida i aust, i sør- og nordleg retning, for å dekkja arealbehov for ny fylkesveg forbi industriområdet. Området vert også utvida mot vest for regulering av naudsynt sjøareal til «riggområde».



Figur 1: Oversikt over plasseringa til planområdet, markert med rosa omriss.

Det har gjennom det tidlege planarbeidet vore omtala tre fasar av utbygginga. Omfanget av dei tre fasane er vist i figuren under. Full utbygging av alle fasar vil gje opp til 500 dekar ferdig utvikla industriareal.




Figur 2 Viser omfang av utbygging av alle fasane. Stipla strek viser grense for full utvikling av fase 2.

Rammeplanen tar utgangspunkt i full utbygging av området med fullskala drift, det vil seia når alle dei tre fasane er utbygd og produksjonen er i gong. For å forstå produksjonen og tiltaka i planen kan det likevel vera greitt å ha ei skildring av dei ulike fasane.

Fase 1

Fase 1 er den fasen som har vore omtala i dispensasjonssøknad og byggesøknad som har blitt utarbeidd og behandla parallelt med planarbeidet, og som no er godkjent opparbeidd. I fase 1 skal eit areal på om lag 54 dekar planerast ned til kote +3,0, som vist på figuren under. Totalt areal inkludert ny skjering blir 56,7 dekar. Fase 1 vi nytte eksisterande tilkomst til industriområde. Nokre interne vegar på industriområdet skal leggst om, nokre skal fjernast og VA-leidningar blir lagt om. Toppen av skjeringa blir sikra med gjerde. Det planerte arealet skal nyttast for produksjon, samanstilling og testing av vindmølle-element. Opparbeidinga av fase 1 er planlagt starta hausten 2024 og ferdigstillast i løpet av 2-3 år.



Figur 3 Situasjonsskart over planeringsområde for fase 1.


Fase 2 og 3

Det er utvikling av fase 2 og fase 3 som blir regulert i planforslaget. Det er førebels ikkje konkrete industriprosjekt eller kundar som er knytt til området. For å kunne vurdere omfanget av eit fullt utbyggingsalternativ, er det tatt utgangspunkt i eit konsepteksempel med heilårleg produksjon. Konseptet vil illustrere dimensjoner og ein mogleg prosesslinje, men andre konsept vil ha andre krav til montering og prosesslinje på land og lagring av delar både på land og på sjøen. Det er ikkje mogleg å fastslå dimensjonar, utsjåande, materialar etc for framtidens havvindkomponentar på noverande tidspunkt. Det er eit uttal av ulike fundamentkonsept som er trekanta, firkanta, femkanta og runde og dei produserast både i stål og betong (og nokon delvis i tre). Dei dimensjonar som er brukt for eksemplifisering er dekkande «største storleik» som viser både visuelt inntrykk og plassbehov for ein hamn som skal levere til havvindindustrien. Denne modelleringa er derfor ei realistisk modellering av eit mogleg konseptval.


Plassbehovet kan vere tilsvarende både på sjø og land for produksjon av mindre vindturbinar (f eks 10-15MW generatoreffekt) – men området vil neppe kunne produsere like mykje samla kapasitet (typisk mindre enn 500MW pr år)

Fase 2

I fase 2, som er planlagt starta 2026/27, skal vidare om lag 150 dekar planerast ned til kote +3,0, sjå avgrensing i figuren under. Planeringa skjer på vestsida av fylkesvegen, og industriområdet får ny tilkomst frå fylkesvegen. Området strekk seg frå og med Nordre Brunnavika i nord til eksisterande skjering i sør. Det blir også opna for utfylling eit stykke ut i sjøen med etablering av ny kaifront, samt mogelegheit for ein kaifront også vinkelrett på den lange logistikkaien (den er berre market med mogleg avgrensing i skjematisk figur 5 under). Figurane under syner både omfang av planering, utfylling og nye kaifrontar og ei modellering av drifta i fase 2 sett ovanfrå.



Figur 4 Området sett ovenfra (Fase 1+2). Viser omfang av planering for fase 2 og maks utfylling og nye kaifrontar



Figur 5 Området sett ovenfra (Fase 1+2). Her viser tilkomststegen ned til området. Deler til seks komplette 15 MW møller ligg lagra på området; Tårn, naceller, rotorblad og fundament. To kraner (Crawler crane) flytter delane rundt på området. Den store ringkrana samanstillar til komplette møller. Det er også plassert fire lagerbygningar (mørkegrå) på området. (Kjelde: Forslag til planprogram, kap. 3.1)


Ved ei fullskala drift i fase 2 vil det kunna vera 6-8 fundament under arbeid på land til ei kvar tid. Ved kai vil to havvindturbinar til ein kvar tid bli utrusta med blant anna tårn, nacelle (generator osv) og rotorblad. Dei to vindmøllene som blir montert ved kai vil ha topp høgde på ca. kote 337 m.o.h. Det ligg til ei kvar tid lagra delar til tre ferdige havvindturbinar på området. Det er også planlagt nokre lagerbygningar på området. Ved full produksjon er det estimert maksimalt 150 arbeidsplassar tilknytt anlegget, fordelt på tre arbeidsskift.

3.1.1 Fase 3 – Full utbygging

I fase 3, som er planlagt starta i 2028, skal industriområdet utvidast med om lag 200 dekar på kote +3,0. I tillegg skal det opparbeidast eit areal på om lag 30 dekar ligga på eit noko høgare nivå (om lag kote +20) sør for industriområdet. Dette arealet skal nyttast til administrasjon, parkering og brakker.

Dersom det skal kunna vera drift som i fase 2 samstundes som arealet i fase 3 blir opparbeidd og massane tekne ut, kan det vera behov for å laga ein midlertidig tunnel under eksisterande fylkesveg, slik at massane kan transporterast ut før ny fylkesveg er på plass.


Når arealet i fase 3 skal takast i bruk til full produksjon, er ein avhengig av at fylkesvegen blir lagt om på austsida av industriarealet. Det er gjennomført ei alternativsvurdering av ulike veglinjer for omlegging av fylkesvegen. Denne vurderinga konkluderer med å gå vidare med hovudvegalternativ B. Denne er illustrert saman med planlagt industriutvikling i figuren under.



Figur 6 Viser vald veglinje for omlegging av fylkesvegen

Ved utvikling av alle fasane vil ein til slutt ha 400 dekar industriareal på kote +3,0, og planområdet vil krevja opp til 500 dekar areal totalt sett, inkludert skjeringar, vegareal og anna. Det er eit mål at arealet er ferdig opparbeidd i løpet av 2030/2032.

Når fase 3 er sett i gong og produksjonen på Dommersnes har nådd sin fulle skala, kan det typisk produserast opp til 24 vindmøller med opp til 25 MW turbinar kvart år. Produksjonen av fundamenta kan skje heile året, og det kan bli ferdigstilt og sjøsett eitt fundament kvar 14. dag. Sjølve utrustinga av vindturbinane (sette på tårn, nacelle og blader) må skje på sommarhalvåret (april – september). På vinterhalvåret vil det derfor kunne bli samla opp til 12 fundament i fjorden, for våtlagring. På sommaren vil det bli utrusta eitt fundament per veka, med tårn, nacelle og blader. Annakvart fundament blir utrusta frå våtlageret i sjøen og annakvart rett etter sjøsetting. På sommarhalvåret blir det så uttransportert ei ferdigstilt vindmølle frå anlegget i veka. Det vil dermed ikkje typisk vera fleire enn 12 fundament i våtlageret om gongen.



Figur 7 Viser eit lagringssystem for å lagre opp til 12 fundament i sjøen vinterhalvåret (oktober-mars). Det er 6 lektarar som er sett saman to og to. Dei er fortøydd til botnen med liner som er 300m lange i horisontalplanet.

På plataet som vil ligga høgare enn industriarealet, skal det opparbeidast bustadbrakker, kontorbrakker/kontorbygg, parkeringsplassar og eventuelt anna som høyrer til administrasjon og overnatting. Ved full produksjon er det estimert maksimalt 500 arbeidsplassar tilknytt anlegget, fordelt på tre arbeidsskift.


Ein del tilsette vil ha behov for innlosjering i bustadbrakker. Det er tatt utgangspunkt i at det er behov for 200 overnattingsplassar i brakker. I tillegg vil det vera behov for dagriggar for skifting, vasking og spiserom for andre tilsette som kjem køyrande.

Det er antatt at 30% av dei tilsette treng kontorplass, men at halvparten av dei igjen kan dela kontor. Det vil seia at det er tatt utgangspunkt i at det er behov for maksimalt 75 kontorplassar. Det er lagt opp til at dei anten kan etablerast i kontorbrakker, eller som eitt eller fleire kontorbygg. Det er estimert eit behov for mellom 17 m² – 23 m² per kontorplass, inkludert alle fellesareal. Det gir eit totalt behov for om lag 1500 m² kontorareal.


4 Simulering av overvann

4.1 Parameter og simulering


For simulering er det rekna nedbørshyteogram, som er modellregnet som er nytta i simuleringa. IVF-kurva som er nytta kjem frå Karmøy – Brekkevann i høve med *Vedlegg 9 – overvannshåndtering*. For framtidig er det lagt på klimafaktor 1,2 i høve med norm. Vidare er det nytta terrengmodell frå Kartverket for eksisterande situasjon. Terrengmodellen for framtidig situasjon har med den nye fylkesvegen, dette for å sjekke korleis avrenningsmønsteret endrar seg ved etableringa av fylkesvegen som skjære gjennom nedbørsfelt og bekker oppstrøms Såtemyra. Vidare er det lagt inn kulvertar (med dimensjonar som foreslått i rammeplanen) i bekkeløpene. Dette for å sjekke at vatnet renn i same linje ned til myra i framtidig situasjon, samt for å sjekke kapasiteten på kulvertane opp mot framtidig regnhending.




Figur 8: Regnhyteogram som er nytta i simuleringa for 20 års regnhending i eksisterande situasjon.



Figur 9: Regnhyteogram nytta for eksisterande situasjon ved ein 200års regnhending.




Figur 10: Regnhyteogram nytta for framtidig situasjon ved ein 20års regnhending.




Figur 11: Regnhyteogram nytta for framtidig situasjon ved ein 200års regnhending.

Terrengmodellen som er nytta i både eksisterande og framtidig situasjon er vist nedanfor. For terrenget i framtidig situasjon er det medtatt planering og vegmodell som skjære gjennom nedbørsfelt oppstrøms reguleringsplanen og Såtemyra.




Figur 12: Eksisterende terreng som er nytta i simuleringa. Vist med objekta som kulvertar i grønne markeringar.




Figur 13: Terreng modell i framtidig situasjon med planeringa og den nye fylkesvegen. Det er her også medtatt nye kulvertar for å leia vatnet gjennom vegen. Dei nye/justerte kulvertane er markert med rosa.

4.2 Resultat

Resultata frå simuleringa visar i eksisterande situasjon at vatnet samsvarar med avrenningslinja og renner mot Såtemyra og vidare nordover. Resultata frå framtidig situasjon visar at vatnet renne likt som i eksisterande, men at det samlast opp ved kulverten som skjære gjennom vegen og leiar vatnet ned mot Såtemyra. Vidare kan vi sjå at det blir òg en oppsamling av vatn i den nordre delen der kulverten vidare er. Denne er noko større i framtidig situasjon enn den er i eksisterande situasjon. Felles for både eksisterande og framtidig situasjon så er det sett på maks vassdjupna som kjem i løpet av dei 4 timane som er simulert.




Figur 14: Resultat av vassdjupna etter simulering i eksisterande situasjon ved 20års regnhending, henta frå resultat Scalgo Live.




Figur 15: Resultat av vassdjupna etter simulering i eksisterande situasjon ved 200års regnhending, henta frå resultat i Scalgo Live.

Frå simuleringa av eksisterande situasjon kan ein sjå at det er nokre stader i den eksisterande bekken der vassdjupna er på meir enn 80cm djupna. Vidare i 200års regnhending, kan ein sjå at hovud avrenningslinja hovudsakleg har over 80 cm djupna.




Figur 16: Resultat av vassdjupna etter simulering av framtidig situasjon ved 20års regnhending med klimafaktor på 1,2. Henta frå resultat i Scalgo Live.




Figur 17: Resultat av vassdjupna etter simulering av framtidig situasjon ved 200års regnhending med klimafaktor på 1,2. Henta frå resultat i Scalgo Live.

I framtidig situasjon kan ein sjå ein djupare avrenningslinja både i 20års regnhending og 200års regnhending. Linja følgje den eksisterande linja ned til Såtemyra i nord. Når det er sagt, så får ein ikkje dei lågare linja med vassdjupna på den sørlege delen av myra.



Figur 18: Vassdjupna av framtidig situasjon ved 20års regnhending ved endring av skjeringspunktet sørover.



Figur 19: Vassdjupna av framtidig situasjon ved 200års regnhending etter endring av skjeringspunkt.

4.3 Vurdering

Vurdering etter simulering er at ein får leia vatnet vidare mot myra. Ein får nokre meir vatn i nord som følgje den største avrenningslinja. Denne mengda vatn vil forsyne den nordvestlege dela av myra. Etter vurderingar gjort i samråd med naturforvaltar, så vil den fyrste punkteringa ikkje sige nok inn til at ein får forsynt den sørlege delen av myra, slik som det gjerast i dag med tilsig frå den sørlege delen. Ein får heller ikkje bevart den eksisterande myra som vart oppdaga under synfaring frå naturforvaltaren. Dersom ein endrar på skjeringspunktet, slik som vurdert og som vist i Figur 18 og Figur 19, må ein endre på punkteringspunktet i sør for å kunne få meir naturleg avrenning og tilsig frå myra i nord mot Såtemyra i sør.

5 Synfaring

Den 26. august 2025 vart det gjennomført ei synfaring med deltaking frå naturforvaltarar og prosjektleiar frå Norconsult, samt miljørådgjevar frå Vindafjord kommune. Føremålet med synfaring var å undersøkje Såtemyr og Stemmevatnbekken, inkludert sideløp som renn inn i og ut frå myra.

Under befaringa vart det også gjort observasjonar ved kulvertar under Vikvegen, samt ved punkt der Stemmevatnbekken og tilhøyrande sideløp er planlagde å krysse under den nye fylkesvegen.

Eit viktig funn under synfaring var ei myr som ikkje er synleg på eksisterande kartgrunnlag. Denne myra er vist fjerna i planforslaget som var på høyring. Lokaliseringa av myra er vist på i Figur 22.

Den ny oppdaga myren er ikkje ein naturtype som vil vises i «naturbasekart» til Miljødirektoratet. Myra er eit økologisk funksjonsområde og vurderast vidare ut frå det.

6 Naturmangfold og omsyn til Såtemyr


Såtemyr får tilførsel av vatn frå Stemmevatnbekken, inkludert sidebekker, overflateavrenning frå omkringliggende terreng, og direkte nedbør. Stemmevatnbekken renn inn i myra frå aust og er ei viktig kjelde til vassforsyning. Den sørvestlege og sørlege delen av myra får derimot mindre vatn frå bekken, grunna ei høgdeforskjell på om lag 30 centimeter ved punkt H (Figur 22).

Sør for Såtemyr, og rett aust for høgda Såta, ligg det ei myr på om lag 10 dekar. Denne myra er ikkje synleg på vanlege topografiske kart eller i N5-databasen (sjå Figur 22 og bilete på Figur 23 og Figur 24). Myra ble dybdemålt på 6 stader og gjennomsnittet for målt dybde var 125 cm. Hovuddelen av denne myra drenerer nordover og fungerer som ein buffer og eit vassmagasin som bidreg til å utjamne og bufre avrenninga mot Såtemyr. Vatnet frå denne myra renn inn i Stemmevatnbekken litt høgare oppe i terrenget enn Såtemyr, og bidreg dermed til vassforsyninga til Såtemyr via Stemmevatnbekken. Ein mindre del av myra drenerer sørover.

Såtemyr er eit viktig leveområde for fisk i Stemmevatnbekken-vassdraget (Hellen mfl. 2021), og det er difor avgjerande at myra ikkje vert negativt påverka. I tillegg fungerer Såtemyr, saman med myra aust for Såta, som ein naturleg buffer som forlenger opphaldstida til vatnet i landskapet og bidreg til jamnare vassføring vidare nordover i bekken.

Det gjeldande reguleringsforslaget inneber at myra aust for Såta vert fjerna, saman med areal lenger vest som forsynar den søndre myra (del av Såtemyr). Dette vil føre til at om lag 55 dekar av nedbørsfeltet til Såtemyr, som ligg vest for den planlagde fylkesvegen, går tapt.


Det totale nedbørsfeltet til Såtemyr vert likevel ikkje redusert med meir enn 8 dekar, ettersom den nye fylkesvegen vil tilføre eit noko større område aust for vegen drenerer mot Såtemyr, sjå Figur 20 og Figur 21.



Figur 20: Framstilling av korleis nedbørsfelt endrar seg inn til Såtemyra. Differansen frå eksisterande til framtidig er omlag 50 dekar reduksjon i framtidig situasjon, frå 0,88km² til 0,83km²

Vatnet frå dette området vil renne inn i Stemmevatnbekken aust for myra, og vil difor ikkje bidra til vassforsyninga til den sørlege delen av Såtemyr i same grad som i dag. Sjå Figur 21 og nedre tekstfelt med tilhøyrande nedbørsflate.

For å forsyne den sørlige delen av Såtemyr med tilstrekkelig vann, bør meir av det eksisterande nedbørsfeltet vest for den nye fylkesveien beholdes,, sjå Figur 21 under og øvre tekstflate til nedbørsflate..



Figur 21: Framstilling av korleis nedbørsfelt endrar seg inn til Såtemyra. Differansen frå eksisterande til framtidig er omlag 10 dekar reduksjon ved ny skjering. Frå 0,88km² til 0,87km².

Figur 21 viser nedbørsfelt som forsvinner på grunn av planering av planområdet og fylkesvegen som skjere av noko av det eksisterande nedbørsfeltet. Vidare i sør så kan ein sjå at ein får eit tillegg i det framtidige nedbørsfeltet. Dette kjem av at ein leia vatnet via grøfter og vidare leia dette inn mot myra via kulvertar.


Reguleringsforslaget inneheld også ein skjæringskant nord i planområdet som i tangerer og delvis går inn i den sørlege delen av Såtemyr. Dette kan føre til drenering av myra mot sør, noko som kan ha stor negativ innverknad på vassstanden og økosystemet i myra.

Med bakgrunn i desse observasjonane, og i tråd med føre-var-prinsippet, **vert det tilrådd at skjæringskanten vert flytta sørover slik at nedbørsfeltet til Såtemyr vert halde intakt (sjå Figur 22).** Dette utgjør ei linja som er 110 til 150 m lengre sør enn i planforslaget.

Skjeringa vil gå gjennom en liten del i den søndre delen av myra aust for Såta som idag renner mot sør og såleis ikkje vere ei vesentleg endring.

Dersom skjeringa vert lagt gjennom myra slik det er vist i Figur 22, må det etablerast ei tett løysing mot skjeringa for å hindre at resten av myra vert drenerert. Dette kan løysast på fleire måtar og må vurderast nærare i den vidare prosjektinga av anlegget.

Målet om å bevare den delen av myra som drenerer mot nord, kan sikrast med dei omtalte tiltak som innarbeiedast i plankart (skjæringas nordre kant ved oransje linje i Figur 22) og føresegner.



Figur 22. Nedbørsfeltet til Såtemyr, som vil gå tapt ved ei eventuell utbygging slik det er vist på kartet, er markert og oppgjeve med arealmål. Myra lengst sør på kartet vart kartlagt av Norconsult under synfaringa den 26. august. «H» på kartet markerer en høydeforskjell i myra, med stigning frå nord til sør. Vannet som kommer fra bekkene i øst forsyner derfor ikkje sørlige del av myra med vann bortsett frå i flomsituasjonar.



Figur 23: Myra øst for Såta, sett mot syd.



Figur 24: Myra øst for Såta.

7 Naturrestaurering og kompensasjonsmogleigheter

7.1 Myr og våtmark

Restaureringspotensialet for myr og våtmark innanfor det regulerte området er vurdert som lågt. Det finst fleire drenerte og degraderte myrområde innanfor det planlagde utbyggingsområdet, men desse vil bli fjerna som følge av utbygginga.

Såtemyr er i liten grad påverka av tidlegare inngrep, med unntak av den eksisterande fylkesvegen som har noko innverknad på den vestlege delen. Myra har difor ikkje noko reelt potensial for restaurering, men har høg økologisk verdi i sin noverande tilstand.

Nord for Såtemyr, ved Kolthaug, finst det restar av ei myr på begge sider av fylkesvegen. I dette området er det målt opptil 200 cm med torv, noko som indikerer at det tidlegare har vore ei aktiv myr. I dag framstår området ikkje lenger som myr, då det er sterkt påverka av omkringliggende jordbruksareal, vegstruktur og busetnad. Desse inngrepa har ført til at området er fragmentert og har svært avgrensa potensial for naturrestaurering, se Figur 25.

Dersom man skal identifisere andre myrområder som kan restaureres, må dette eventuelt gjøres i større avstand fra reguleringsområdet. Det ble som nevnt ovenfor ikke funnet noen aktuelle områder i nærheten av det regulerte området. Det ble i denne omgang heller ikke forsøkt å identifisere aktuelle områder for myr og våtmarksrestaurering i et større omland rundt Dommersnes eller andre steder i kommunen.



Figur 25: Deler av det tidlige myrområdet ved Kolthaug, her vest for fylkesveien. På venstre side av bildet ses en grøft og innenfor denne er det krattvegetasjon oppå drenert myr. Den dyrkede jorda i bilder er også på drenert torvmark.


7.2 Elv og bekk

Stemmevassbekken vart grundig kartlagt av Rådgivende Biologer i 2021, i samband med kartlegging av leveområde og forslag til tiltak for å styrke sjøaurebestanden i vassdrag i Vindafjord kommune.

Rapporten dokumenterer inngrep i bekken og foreslår konkrete tiltak for å betre forholda for fisk (Hellen m.fl. 2021).

Tiltaka som er foreslått i rapporten (sjå side 46 for detaljar) inkluderer:

- Utlekking av større steinar og etablering av små buner for å skape variasjon i straum og skjul.
- Tilføring av gytegrus for å betre forholda for reproduksjon.
- Reetablering av kantvegetasjon for å styrke økologisk funksjon og redusere erosjon.
- I tillegg foreslår Norconsult at kulvertar og stikkrenner vert utforma på ein faunavennleg måte, og slik at dei ikkje hindrar fiskevandring. Dette skal detaljerast i utbyggingsplanane.



Figur 26, Stemmevassbekken langs FV 4736, nord for Såtemyr.

7.3 Øvrige omsyn og tilpassingar til naturmangfald

For å redusere negativ påverknad på naturmangfaldet vert følgjande tiltak tilrådd:

- Avskoging og fjerning av toppmassar skal skje utanom yngle- og hekketid, det vil seie utanom perioden april til august.
- Framande artar skal kartleggjast, og det skal utarbeidast ein tiltaksplan i tråd med Miljødirektoratet si rettleiing M-982.
- Vurdere mer spesifikke formål eller omsynssoner for ivaretaking av dei to myrane og tilhøyrande bekkesystem eller nedbørsfelt.

8 Referansar

Hellen, B. A., M. A. Hulbak, C. Irgens & S. Skår 2021. Habitatkartlegging og forslag til tiltak for sjørret i vassdrag i Vindafjord kommune. Rådgivende Biologer AS, rapport 3306, 218 sider, ISBN 978-82-8308-806-9

Miljødirektoratet (2018) Håndtering av løsmasser med fremmede skadelige plantearter og forsvarlig kompostering av planteavfall med fremmede skadelige plantearter. Veileder M-982.